

# Seterbrukaren

SKRIFT FRÅ NORSK SETERKULTUR  
NR. 3 – OKTOBER 2007 – 10. ÅRGANG



Norsk  
Seterkultur

## Neste blad

kjem i desember, og vi ber om at stoff, bilete og annonsar er kome til redaksjonen innan 20. november.

## Etterlysing!

Vi veit at mange brukar fotoapparatet flittig medan dei driv på setra, eller er gjestar i stølsmiljøet, men dei fleste bileta blir "gøymt" på pc eller i album. Seterbrukaren treng bidrag – bilete og tekst, spaltene er opne!

## www.seterhistorie.no

er eit relativt nytt nettsted i regi av Kjell Arne Bakke, opphavleg frå Otta i Gudbrandsdalen, no busett i Oslo. Nettstedet er under utvikling, pr. i dag er det mest seterhistorie frå Sel å finne der, men Bakke ønskjer fleire artiklar og lekkjer til andre nettstedar som formidlar seterhistorie.

## Bruk NSK i marknadsføringa

På nettstedet til NSK -www.seterkultur.no kan ein klikke på "Til seters" og finne informasjon om ei rekkje setre. Vi veit at ein god del gjestar finn vegen til seters via denne kanalen, og oppmodar fleire om å nytte den. 2-3 foto og informativ tekst om setra og tilboda der, sendt til Norsk seterkultur, er alt som skal til. Tilbodet kostar berre medlemskap i NSK.

### Styret:

Stein Brubæk, leiar  
6636 Angvik, tlf. 71 29 27 32/91 56 32 59  
sbrubæk@c2i.net

Oddveig Eggen  
2550 Os i Østerdalen Tlf. 62 49 71 86  
post@spellmoen.no

Odd Arne Espeland, Jondal  
5627 Jondal Tlf. 53 66 84 80 Faks 53 66 82 55  
odar-esp@online.no

Geir Grosberg  
2640 Vinstra. Tlf 92 89 26 65.  
ggrosber@online.no

Gjermund Stormoen. TINE BA,  
Pb 25, 0051 Oslo  
Tlf 22 93 88 00  
gjermund.stormoen@tine.no

### Varamedlemmer

Wenja Rui, 3864 Rauland, tlf. 35 07 31 20 / 90 66 17 15  
venjarui@combitel.no  
Siv Eggen, 7760 Snåsa, tlf. 48 10 27 85.  
Marit Hoel, Skrenten 7D, 6411 Molde – Tlf. 71 24 46 04  
hoel.marit@c2i.net

### Utjevar:

#### Norsk Seterkultur, 6214 Norddal

telefon 70 25 91 77  
telefaks 70 25 91 57

E-post: seter@seterkultur.no  
www.seterkultur.no

Bankgiro: 2367 20 51169  
Redaktør: Jostein Sande  
Førtrykk: Stordfjord Bladlag AS  
Trykk: Birkeland trykkeri

ISSN 1501-6803

Seterbrukaren kjem ut fire gonger i året.

Forsidefoto: Ingunn Dale.

# Oss ha gjort kå gjerast skulle...

Almanakken viser september. Nysnøen ligg langt ned i fjellsidene, og vestveggane på seterhusa er kvite av snø. Sjølv om vi er kome til den fyrste skikkelige haustmånaden, er vi aldri heilt beredt til å ta i mot den fyrste snøen. Men når den sure nattevinden har lagt seg, og sola stig opp over kvite fjell, så er det eit syn som er så fint, at det overgår alle ulemper med det å få snø tidleg i september. Og sjølv sagt blir dagen framleis så varm av sola, at snøen blir borte like brått som han kom.

I skrivende stund har nok mange av seterbrukarane kome seg ned att til garden, og fått slept dyra på saftig håbeite. Mens andre framleis har att både to og tre veker i fjellheimen. Det er lett å skjønne at mange utset heimreisa så lenge som mogleg. Fjellet om hausten er kanskje noko av det finaste ein kan oppleve, og stadig fleire vel å legge feriedagar til fjellet på denne årstida. Litt synd er det da at dei mange setrene som tek i mot turistar nå er stengde for

vinteren. Men slik er det nødvendigvis nødt til å vere, når ein skal drive i pakt med naturen.

Triveleg er det å sjå at fleire vel å opne setrene sine for besøk. Sjølv om det våte været vi har hatt i sommer, har lagt ein dempar på fjellturismen, så er det mange som etterspør setrer dei kan besøke. Det har vore mange telefoner fra folk som vil oppleve seterlivet slik dei hugsa det, frå dei sjølv var små. Mange vil og formidle seterlivet til nye generasjonar. Setrene fyller her ein viktig rolle, som landbruket elles ikkje fyller.

Setrene er ekte, og dei ber i seg ein kultur og tradisjon, som ein ikkje finn andre stader. Derfor er det viktig at ein i framtida og har fokus på bruk og utvikling av seterlivet, og slik sett er det viktig å helse nye tiltak velkomne. Konservering vil vera det største trugsmålet mot setring.

Geir

## Nordmøring ny leder i Norsk seterkultur



ligger vakkert til i lia opp for Breisjøen, med utsikt mot Jotunheimen. I tillegg til driften av fjellstua har vertskapet Berit og Arthur Bredeli nylig starta Espedalen fjellbryggeri. Her produserer de sitt eget øl.

Årsmøtet i Norsk Seterkultur vedtok ein offensiv handlingsplan for både å bedre rammevilkåra for seterdrifta i Norge generelt og hjelpe enkeltmedlemmer og større setermiljø til å gjere setertradisjonene mer synlige i samfunnet og innbringende for seterbrukeren. Setra er i mange sammenhenger utstillingsvinduet for norsk natur, kultur og matproduksjon. Norsk Seterkultur vil sette auka fokus på næringsutvikling på setra og utmarksressursene våre, både som grunnlag for å produsere mat og opplevelser.

Årsmøteseminarer fokuserte i år på Seterprosjektet for Hedmark, Oppland og Møre og Romsdal. Ettersom årsmøtet var lagt til Espedalen og Oppland, ble det selvfølgelig fokusert på hva som har skjedd i Oppland i tilknytning til prosjektet. Guri Grønolen fra Fylkesmannens landbruksavdeling orienterte om hvilke prioriteringer og strategier FMLA hadde vektlagt.

Under årsmøtet i Norsk Seterkultur ble Stein Brubæk fra Angvik valgt til ny leder. Med seg i styret har han Oddveig Eggen fra Os i Østerdalen, Odd Arne Espeland fra Jondalen og Geir Grosberg fra Skåbu. Gjermund Stormoen fra Norsk Landbrukssamvirke går ut av styret. Norsk Landbrukssamvirke oppnevner ny styremedlem i løpet av høsten. Vara til styret er Siv Eggen fra Snåsa, Wenja Rui fra Rauland og Marit Hoel fra Molde.

Årsmøtet og årsmøteseminarer ble holdt på Ruten Fjellstue i Espedalen. Ruten Fjellstue var opprinnelig seter til garden Brenden i Skåbu. I siste halvdel av 1800 begynte de første turistene å innta Espedalen. Espedalen var en god innfallspurt mot Jotunheimen. Ettersom turisttrafikken økte på gikk stedet fra å være en seter til å bli en fjellstue. Ruten

Jorun Hagen, seterbruker fra Tretten hadde fått tildelt midler fra prosjektet. I sommer tok hun i mot besøkende (betalende) på setra for første gang. Hun la vekt på at hun ønsket å tilby en seteropplevelse, og hun hadde forsøkt å legge til rette for at de besøkende skulle bli deltagere under besøket.

Framhald side 7

# Budeie med bil

I over 50 somrar har Klara Tvinnereim vore budeie på Randastøylen. Det blir ikkje skikkeleg sommar før ho kjem seg til fjells med kyrne sine.

## STØLSLIV

Med sin nyinnkjøpte vesle traktorbil køyrer Klara Tvinnereim den tre kilometer lange vegen til Randastøylen i Stryn. Oppe på stølen, eller «stæilen» som dei seier i Randabygda, ventar kyrne som skal mjølkast til kvelden. – Eg er van til å fare på støylen og på fjellet og forstår ikkje kor det skal bli den dagen eg ikkje klarer det lenger, seier Klara.

## FIRE MJØLKEKYR

På stølen luktar det sommar. Og etter at budeia har lokka på kyrne, kjem den vesle flokken og stiller seg opp utanfor sommarfjøsen. Med aggregat og mjølkemaskin går mjølkkinga lett. I år er sju kyr på stølen. Fire av dei mjølkar, og kvart døgn blir det 60-70 liter

mjølk. Om kvelden kjem bonden sjølv og hentar mjølka som må raskt over på tanken heime på garden. Om morgonen tek Klara på seg vasselen sjølv og ber mjølkespannene ned til traktoren, før ho køyrer til gards att.

## TRAKTOR

Før i tida heldt 14 budeier til på Randastøylen om sommaren. Lenge var dei tre som heldt ut, men sidan 2000 har Klara vore åleine igjen. Denne sommaren kunne det også ha vore stopp for henne, men ho nekta å gi opp. I fjor sommar døydde mannen hennar, Rolf, men Klara bestemte seg for at ho ville til fjells i år også. Problemet var berre at ho ikkje har sertifikat. Sjølv om budeiene før i tida gjekk heile vegen frå bygda, ville det bli for tungvint i dag. Planen var at Klara skulle ta sertifikat, men det blei for seint. Så kom ein av sønene over den vesle traktoren, som meir ser ut som ein bil. Og etter nokre rundar med eine sonen som sjåførlærar, var

ho klar til å legge ut på eiga hand.

– Det er veldig enkelt å køyre, seier Klara som ikkje er kjend for å gi opp så lett. Og 67-åringen har heller ikkje heilt avskrive å ta bilsertifikat, sjølv om ho no er godt hjelpt med traktoren.

## RØMMEASK

I den vesle hytta familien sette opp i 1970 er det verken elektrisk straum eller innlagd vatn, men det er litt av sjarmen. Kjøkenskapet er fylt med rømmeask, eller rømmekolle. Det er alltid nokon som vil smake når dei kjem på besøk. Slikt er ikkje kvardagskost no til dags. – Det blir spesielt god mjølk på støylen.

Og rømmeask får ein annan smak når kyrne går på fjellbeite, fortel Klara. Barnebarnet Lene Renate har vore med henne til fjells kvar kveld i sommar. Etter at arbeidet er unnagjort spelar dei kort og yatzy i hytta.



Takka vere den nyinnkjøpte køyredoningen kom Klara Tvinnereim seg på Randastøylen i år også.

– Eg må halde Besta med selskap, og så er det kjekt å vere her, seier Lene Renate. Den kvelden Sunnmørsposten var på besøk var det også mange andre skodelystne.

– Her brukar å vere ungar frå Bergen for å sjå på mjølkkinga. Ungar i dag veit jo ikkje kvar mjølka kjem frå, konstaterer Klara.

*Anne-Mari Tomasgard  
Sunnmørsposten*



Klara Tvinnereim har vore budeie på Randastøylen i over 50 år, og vil halde fram så lenge ho greier.

## En del av vår nasjonale arv

I tidligere tider var seterdrift en viktig del av bondens næringsvei, en virksomhet som i stor grad fremskapte de mange kjære kulturlandskap, som gjennom tidene har inspirert mang en kunstner. De vakre kulturlandskapene er i dag dessverre i ferd med å gå tapt, blant annet på grunn av økende gjengroing av skog og kratt. Dermed forsvinner et verdifullt trekk i det norske landskapet.

Derfor er det bra at enkelte gårdbrukere satser en del av sin fritid, ved å gjenskape noe av det «gammeldagse» setermiljøet. Dette innbefatter blant annet restaurering og vern av gode håndverkstradisjoner og tilrettelegging av tun og beiteområder. Alt i

alt beundringsverdige tiltak som er med på å gjenreise våre kulturlandskap som da i tiltagende grad vil bli en verdifull ressurs for folk flest.

I Snåsa Seterlag er det opprettet en rekke seter-miljøer, som lar publikum få del i denne tradisjonsrike opplevelsen. Måtte det bli mange rundt omkring i vårt land som drar i samme retning, og som slår et slag for denne del av norsk kulturhistorie, og at staten ser sitt ansvar, ved å holde liv i virksomheten. Det vil vi tjene på alle sammen, både vi som bor her og de som besøker oss.

*Erling Wanvik, Nesttun*

# Olavsrosa til Brenden seter

I 2006 vart Finsefondets miljøstipend tildelt Brenden seter på Lesja. I år vart dei engasjerte seterbrukarane tildelt Norsk Kulturarv sitt kvalitetsmerke, Olavsrosa. Det var styreleiar i Norsk Kulturarv, Inger-Lise Skarstein som delte ut Olavsrosa og eit diplom som bevis på at Brenden seter har gjort eit dugande arbeid for kulturarven.

Brenden seter ligg i Lordalen i Lesja kommune, 900 moh. Setergrenda Storsetra omfatar fleire setrer, men berre Brenden seter er i aktiv drift. Setra har hus frå så langt attende som frå 1600-talet. Sjølve det gamle selet er restaurert og dette blir leigd ut til farande som gjerne vil ha seg ei natt eller to i fjellet. Men det er ikkje berre gamle hus på setra, eit nybygd fjøs, med mjølkestall og foredlingslokale har og sin plass på setervollen. I tilknytning til det gamle selet, er det bygd kjøken og ei stove der dei kan servere gjester som kjem til seters for å få ein smak av ekte norsk seterkost.

I sommer har tre av fire generasjonar på garden, vore med på setra. May Holsetstuen har med seg mor si, Bergljot Brenden og barnebarna Ida og Lars Brenden. May Holsetstuen kunne ved utdelinga av Olavsrosa fortelje at ho har vore på setra i snart femti somrar. Ho kunne og fortelje om utfordringar dei har møtt i forbindelse med restaure-



Ida Brenden, May Holsetstuen, Lars Brenden, Inger Lise Skarstein og Bergljot Brenden. Foto: Mathias Øvsteng, Norsk Kulturarv.

ring av setra. Nokre av utfordringane heng nok saman med det at setra har nærkontakt med Reinheimen nasjonalpark. Men damene på Brenden seter har løyst oppgavene dei har møtt på beste måte, og det skal godt gjerst at du ikkje trivst når du tek ein tur innom setra for å få deg servering. Og det er nok ingen fare for at vidareføringa av seterlivet på Storsetra skal stoppe opp. Budeirullen Lars

og vetkokka Ida tek aktivt del i arbeidet på setra. Ida har til og med ein eigen butikk i gammelfjoset, der ho sel reiseminne, som ho sjølv har laga. At ho i tillegg arbeider med ei eigen oppskriftbok skulle vel borge for at det og i framtida vil bli servert både rumgraut og andre godsaker når det kjem ferdefolk til "Brennsetra"

## Medvind for seterdrifta i Nord-Trøndelag

I løpet av de siste tre årene har tallet på setre i drift i Nord-Trøndelag hatt sterk økning. I 2004 hadde fylket 13 setre, og i inneværende sesong vil det være mer enn tre ganger så mange. Dette har sammenheng med endring i holdinger og framfor alt, i landbrukspolitikken. I samband med innføringa av regionale miljøprogram for jordbruket i de enkelte fylker i 2005 fikk fylkene frihet til å utforme egne tilskuddsordningar for miljøinnsats i landbruket. Beiting og seterdrift skulle etter sentrale retningslinjer prioriteres. I vårt fylke ble det innført setertilskudd i tre ulike satser avhengig av miljøinnsatsen. Den høgeste satsen er på 50000 kroner, men det forutsetter at setra er bebodd i minst fire uker, at minst to kyr eller 10 geiter melkes daglig og at melka foredles på setra. I tillegg skal setra ta i mot besøkende som ønsker å oppleve seterlivet. Formålet er å ta vare på seterlandskapet og den særegne seterkulturen og dessuten utvikle tilleggsnæringer til gårdsdrifta.

De siste tre årene er det også gjennomført et Interreg-prosjekt på tvers av grensa i "Nordens grønne belte" i form av samarbeid

mellom begge trøndelagsfylkene og Jämtland. Gjennom prosjektet er det arrangert kurs, møter og konferanser for å informere om ulike sider av seterkulturen. Prosjektet har også bidratt til å formidle kontakt mellom Mattilsynet og seterbrukerne som har ført til samarbeid som har gitt gode resultater. De aller fleste setrene i fylket har hatt besøk av inspektører fra Mattilsynet og fått godkjenning for sin virksomhet.

Det ser ut til at den sterke veksten foregående år fortsetter. Full oversikt over antall setre i drift sist sommer har vi ikke, men alt tyder på at veksten i antallet setre har fortsatt. Nye kommuner med seterdrift i år er Stjørdal og Inderøy. I 2006 var det 32 setre i drift i elleve kommuner, i år kom en trolig over førti setre i de 13 kommunene som nå har seterdrift igjen.

### MYE RESTAURERINGSARBEID

De fleste setrene som er i drift er gamle anlegg. Noen av disse har vært gjennom omfattende restaurering, dette gjelder for eksempel Skarlandsetran med bygninger fra 1800-tallet på Høylandet. Denne setra fikk

kulturlandskapsprisen for Nord-Trøndelag i 2006 for fint gjennomført restaurering av husa og setervollen og tilrettelegging for gode opplevelser for de som besøker setra. Det er også bygget opp tre helt nye anlegg. I Steinkjer kommune er Hatlingsetra i Stod gjenreist som en kopi av den gamle setra som var i drift fram til 1942. Setervollen var gjengrodd og det var et stort prosjekt som var gjennomført da setra ble tatt i bruk i fjor. I Lurudalen i Snåsa er det bygd opp ei helt ny seter som har fått navnet Lurukroken. Den er i en mer utradisjonell stil med boligdel og fjøs i vinkel i samme bygning. Anlegget har serveringsrom med høg standard som skal benyttes også utenom setersesongen. Oksjalet samdrift i Inderøy har siste året bygd ny seter i Verran kommune der brukerne fra gammel tid har seter- og beiterett. Her er det satt opp lafta skjul i gammel stil og drifta er allerede i gang. På Eggensetra i Snåsa har det vært drift i flere år, og nå har brukerne planer om et nytt hus der de kan ta i mot gjester.

# Stølsturen – suksess nok ein gong!

Stølsturen er namnet på arrangementet som landbruket i Sykkylven i august skipa til for tredje året på rad, i samarbeid med Sykkylven kommune, Sykkylven kyrkje og Aure grunneigarlag. Programmet freista i år ein stad mellom 1.200 og 1.500 til å trasse skodde, gråver og regn for å ta turen til seters for ein dag med lokal mat, dyr, kunst og kultur. I sanning eit unikt seterarrangement – som neppe har sin make!

Mellom aktivitetane ein kunne følgje eller vere aktivt med på, var mjølkning, barnering, traktorkøyring, friluftsgudsteneste, kuvandring - vandring i den store kuffloken som er i Sunndalen, som dalen heiter, på sommarbeite og kalvemønstring. Stølen var dessutan også gjort om til galleri – i sju fjøs og sel var det salsutstillingar av m.a. kunst, kunsthåndverk og fotografi. I tillegg vart det seld både grillmat, rømmegraut og kaffimat rundt om - faktisk gjekk dei første porsjonane med rømmegraut ned allereie før klokka hadde passert 11!

Medan Stølsturen gjekk sin gang la omlag 350 personar i veg til det andre arrangementet med utgangspunkt frå setra denne dagen: Til topps med Sunnmørsposten. Turen opp vart ekstra krevjande grunna veret, men til slutt kunne deltakarane nyte utsikta frå den vel 1.000 m.høge toppen av Revsdalshornet. Ein utruleg innhaldsrik og vellukka dag, mykje takka vere god dugnadsån!



Eit yrande liv på setra i Sunndalen i Sykkylven.  
Foto frå: [www.auresamdrift.no](http://www.auresamdrift.no)



## Olympiade for fjellost


**OLYMPIADE  
DER KÄSE**  
aus den Bergen

**OBERSTDORF** AUSSCHREIBUNG  
ALLGÄU

26. bis 28. Oktober 2007

**INVITATION  
MOUNTAIN CHEESE  
OLYMPICS**

eller "Olympiade der Käse aus den Bergen", som det heiter på tysk, går i år av stabelen for femte gong og Oberstdorf er staden! Det var meldt på deltakarar frå ti land da påmeldingsfristen gjekk ut tidleg i oktober. Arrangørane sakna norsk (og nordisk) deltaking og i skrivande stund blir det arbeidd med å få til dette. Kravet til ostane som deltek er at produksjonen går føre seg over 600 m.o.h., og det utelukkar sjølvsagt mange. Arrangementet går frå fredag til søndag, og byr på eit rikhaldig program: ostemarknad, seminar, ekskursjonar, fesjå, mange kulturinnslag – og sjølvsagt både opnings- og avslutningsseremoni. Går det i orden med norsk deltaking, så vil vi følgje opp med meir omtale i neste Seterbrukaren. Neste olympiade for fjellost går føre seg i Sveits, og da bør vel Norsk seterkultur kunne syte for at Norge blir godt representert.



### Snøfrisk til seters!

Ei lekker lita bok - på engelsk, norsk, tysk og snart russisk er del av Tine si satsing på Snøfrisk-osten på gamle og nye marknader framover. Fotograf og filmteam har brukt Herdalen og Herdalssetra i Norddal som ramme for boka, men og for reklamefilm og nytt brosjyremateriell. Boka er både kreativ og informativ om geit, ost og oppskrifter m.m. og går i første rekkje til kundar i daglegvarehandelen.

# Seterbrukarar samla i Sunndal

6-7. september var utvalde seterbrukarar i Møre og Romsdal samla på Sunndalsøra. Felles for desse var at dei har fått støtte til å utvikle setra til eit reiselivsprodukt. Målet med samlinga var erfaringsutveksling. Bjørg og Odd Velle frå Sykkylven presenterte spennande planar i eit innlegg med tittel "Setra vår – verdt å satse på?" Eivind Ryste gjorde greie for status for setersatsinga i Møre og Romsdal, Ingrid Sara Grimstad Amundsgård såg på setersatsinga i ljos av reiselivsprogrammet i Møre og Romsdal, Asgeir Meland hadde eit innlegg om "Seterlandet Sunndal" og Tomas Lillehagen fortalte om prosjektet "Seterlandet Nord-Østerdal og Rørostraktene. Elles var det på seminaret særleg fokus på foredling på setrene, der Hubertine Roebroek presenterte erfaringar frå Bjørklisetra i Meldal og Hans Brimi orienterte om produktutvikling på Brimi Sæter i Lom.

Arne Brenden frå Ladejarlen videregående skole i Trondheim tok og for seg foredling av mjølk på setra, og stilte spørsmålet: kan seterproduksjon vera kulturberar og samtidig fornye seg med nye produkt? Og er dette ønskeleg eller ikkje? Tradisjonelt blir seterprodukta framstilt av upasteurisert mjølk, og dei vanlegaste produkta er rømme, smør, brunost og gubbost. Brenden understreka at ein må sjå på mulegheitene, ikkje berre begrensningane, og fokuserte på om det er muleg å utvide produktspekteret. Han slo fast at det er muleg å produsere produkt som er relativt enkle å framstille. Med fleire produkt kan det lett bli meir arbeid, men er det muleg å effektivisere? Brenden stilte og spørsmålet om produkta er rett prisa, og han hadde tankar om annan emballasje enn

i dag. Han tok fram fleire eksempel på nye produkt, m.a. fersk ostemasse med ulike krydder og urter, frå mager til heilfeit, cottage cheese, yoghurt i ulike variantar, smør tilsett urter og krydder og gammalost. Han la vekt på at dette er produkt som er enkle å framstille og at skumma mjølk kan utnytast i større grad. Utfordringane ligg m.a. i spørsmålet om pasteuriserte produkt kontra upasteuriserte, korleis møte myndigheitskrav – hygienepakka kjem i 2007-08, kan vil dette ha å seie for seterdrivarane? Han la vekt på risikokontroll og eigenkontroll, og heldt fram at stikkordet er kompetanse og kompetanseheving. Brenden lista opp kompetansekrava for å drive seter: dyrestell og mjølking, kunnskap om produkt og produksjonsprosessar, kvalitet og hygiene – og kanskje vil det snart bli stilt krav om dokumentert kompetanse for at myndighei-

tene skal godkjenne produksjon på setrene? Brenden fortalte at dei på Ladejarlen videregående skole allereie har starta forarbeidet med å utvikle kurs for småskalaproducentar og seterdrivarar dersom det kjem krav frå myndigheitene – for å vera føre var. Kurset vil bli utvikla i samarbeid med næringa, og Brenden fortalte at ein tenkjer seg å bruke erfaringar frå Sverige – eit kurs på totalt ca. 200 timar, 100 timar teori og 100 timar praktisk arbeid. Han gjorde og greie for det sannsynlege innhaldet i kurset og fortalte om tilhøva for å få til den praktiske delen av kurset. Brenden har lang erfaring frå meieri- og næringsmiddelbransjen og skuleverket og har halde ei rekkje kurs for seterbrukarar m.a. i samband med prosjektet Grenseløs seter i Trøndelag. Konklusjonen hans var at det er både mange utnyttta mulegheit og store utfordringar!



Seterlandet Sunndal har mykje å by på.

## Ny seterforskrift gir nye muligheter

Den nye seterforskriften åpner for nye muligheter for de som har seterrett på statsallmenningssgrunn. Viktigst i denne sammenheng er nok at det ikke lenger stilles krav om melkeproduksjon på setra. Mange seterbrukere vil nok bli glade for at seterforskriften har blitt endret. Den gamle forskriften ble utarbeidet i ei tid da seterbruket ble drevet på en helt annen måte enn i dag. I Trøndelag f.eks. ligger omtrent halvparten av alle setre som er i drift på statsallmenningssgrunn. Den nye forskriften vil derfor ha betydning for mange.

I Landbruks- og matdepartementet sin kommentar til den nye forskriften heter det blant annet:

### LEMPE PÅ KRAVET TIL MJØLKEPRODUKSJON

Landbruks- og matdepartementet har sendt ut rundskriv der det blir lagt opp til viktige endringar i praksis i statsallmenningane. Det skal lempast på kravet til mjølkeproduksjon på setra når det blir utvist seter, og det skal kunne utvisast seter der det ligg til rette for ein kombinasjon av jordbruksmessig og småskala turistmessig utnytting av setrene i statsallmenningane.

### SMÅSKALA TURISME

Dette betyr at det i vurderinga av om seter skal utvisast skal det også bli lagt vekt på andre omsyn, slik som ein kombinasjon av aktivitetar som krev husvære, inkludert småskala turistmessig utnytting av seter i form av utleiehusvære, servering osv. Det blir signalisert ei endring av praksis, slik at det normalt bør bli gitt løyve til ombygging/ominnreining av bygningar det ikkje lenger er behov for til seterformål, slik at desse kan tene hovudbruket på anna vis.

### RAPPORT OM "TIDA OG TILHØVA"

Det har over tid vore diskusjon om korleis bruksrettane i statsallmenningane skal utvikle seg. Landbruks- og matdepartementet sette i 2006 ned ei arbeidsgruppe for vurdering av rammene for bruksrettsutøving i statsallmenningane, under dette at bruksrettane skal kunne utnyttast i samsvar med rasjonell bruk etter "tida og tilhøva". Departementet vurderer for tida arbeidsgruppa sin rapport, og om det er aktuelt med fleire endringar i regelverket på dette feltet.

# Årsmøtet i Norsk seterkultur

## Framhald frå side 3

Gjennom sommeren hadde hun fått bare gode tilbakemeldinger, og hun går på en ny sommer med åpen seter.

Lom Bonde og Småbrukarlag hadde fått midler til prosjektet for få satt ekstra fokus på setring i kommune. Leder i Lom BS, Helga Rusten, kunne fortelle at de hadde gjennomført forskjellige tiltak, fra åpne møter til fagtur. Helga Rusten dro den slutningen at det var de arrangementene med en klar sosial profil, som hadde vært mest vellykket.

Seminarer ble avsluttet med at Yngve Rekdal fra Institutt for skog og landskap, orienterte om landskapsskjøtsel i seterområder. De fleste av våre seterområder gror sakte men sikkert igjen, og da er det viktig at vi setter inn de rette tiltakene. Sterk hogst er ikke nødvendigvis det beste tiltaket vi kan sette inn, og en kartlegging av området vil nok være påkrevet før en går i gang med tiltak.

Under årsmøtemiddagen ble Gjermund Stormoen takket for sin innsats i styret i Norsk Seterkultur gjennom mange år. Med seg på reisen til ny jobb som direktør i Debio fikk han med seg en pose med produkter produsert av medlemmer i NSK. Årsmøtemiddagen ble avsluttet ved at elvever fra folkemusikklinja ved Vinstra vidaregåande skule framførte franske og norske folketonar, som de selv hadde arrangert. En god avslutning på en fin dag.




Jorun Hagen forteller om sin erfaring med å ha åpen seter



Elever fra folkemusikklinja ved Vinstra vidaregåande skule underholder årsmøteforsamlingen.



Den første snøen i høst. Fra Breistulen i Skåbu.



okranhonor - Foto: © Vera Gjersaa

## FORMEL


## FORMEL gir best tilpasning til beite

Rett FORMEL på beite gjør det enklere å:

- Holde ytelsen ved hard beiting
- Holde høgt proteininnhold i mjølka
- Tilføre nødvendige mineraler

<b>FORMEL Favor 28</b>	Til svært godt beite og raigrasbeite med lågt innhold av fiber.
<b>FORMEL Favor 30</b>	Til middels godt beite.
<b>FORMEL Elite</b>	Til middels beite og ønske om høg mjølkeproduksjon. Når beitekvaliteten avtar og kyrne må ha høg kraftfôrandel i fôrrasjonen.
<b>FORMEL Favor 20</b>	Til utmarksbeite og svakt gjødsla beite.

Kraftfôrmengdene må justeres etter utvikling i mjølkemengden, holdet på dyra og beitekvaliteten.



Mange av våre produkt har rot i stølskulturen og vi støttar Norsk seterkultur i arbeidet for denne driftsforma

### Bli med i



#### Medlemskontingent 2008

Aktiv seterbrukar	kr. 300,-
Støttmedlem/abonnement på Seterbrukaren	kr. 200,-
Organisasjon/institusjon	kr. 500,-

#### Ja, eg vil bli medlem

- Aktiv seterbrukar
- Organisasjon/institusjon
- Støttmedlem/tinging av Seterbrukaren

Namn: .....

Adresse: .....

Telefon: .....

Du kan også registrere deg som medlem på våre heimesider: [www.seterkultur.no](http://www.seterkultur.no)

#### NORSK SETERKULTUR

6214 NORDDAL Tlf.: 70 25 91 77 – Fax: 70 25 91 57

E-post: [seter@seterkultur.no](mailto:seter@seterkultur.no)

Bankgiro: 2367 20 51 169